



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4655 - 14/27228

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2014

Vedkomande søknad om ferdigattest - gbnr 102/130 Vabø - bustad

Kommunen viser til søknad om ferdigattest mottatt 05.12.2014 og diverse korrespondanse i saka vedkomande dokumentasjon av drikkevassforsyninga til eigedomen.

Kommunen har i byggjeløvet for eigedomen sett følgjande krav:

«Det skal dokumenterast at drikkevassforsyninga er hygienisk trygg og at det er tilstrekkeleg kapasitet til både drikkevassforsyning og brannsløkking før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest.»

Kravet er heimla i plan- og bygningslova § 27-1. Det må godtgjerast at drikkevassforsyninga har forsvarleg kvalitet og mengd i forhold til denne bestemmelsen.

Kommunen registrerer at det ikkje ligg føre dokumentasjon av vassforsyninga i dei andre byggjesakene i dette feltet. Vi kan heller ikkje sjå at det i kommunen sitt arkiv vart dokumentert drikkevasskvalitet og -mengde då anlegget for veg, vatn og avlaup vart godkjend, jf sak 2007/112. Kommunen finn, på bakgrunn av dette, å kunne gje mellombels bruksløyve for bustaden på gbnr 102/130. Mellombels bruksløyve vert sendt i eige skriv.

Dokumentasjon av drikkevassforsyninga må ligga føre før ferdigattest kan gjevast.

Kopi av dette vert send utbyggjar Reidar Nesse AS vedkomande dokumentasjon av drikkevasskvalitet og -mengde for det private vassverket.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Kopi til:

Stian Wergeland
Reidar Nesse AS

Grønfjellia 46 5955
Fureberget 43 5912

LINDÅS
SEIM

Mottakrar:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES